



Ruben Risnes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/612 - 14/13410

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

11.12.2014

Svar på søknad om støtte til utgjeving av album

Viser til søknad datert 20. november der du søker om 50 000 kroner i støtte til utgjeving av album, og e-post med utfyllande informasjon datert 1. desember. Albumet som skal gjevast ut inneheld ti sjølvskrivne låter.

Radøy kommune synes det er positivt at ungdommar frå Radøy vel å satsa på musikk, og synes du viser stor vilje og evne til å nå ut med musikken din. I kulturplanen for Radøy kommune står det at kommunen skal leggja til rette for at kunstneriske uttrykk blant ungdom kjem fram i lyset. Kommunen har lite midlar på budsjettet til å støtta tiltak innan kulturfeltet, men finn rom til å gje deg eit tilskot på kr 3 000. Me håpar at dette vil hjelpa deg med å realisera prosjektet.

Me ynskjer deg lukke til med utgjevinga av albumet, og håpar at me får oppleva deg live på scena i Radøy kommune med dei nye låtane!

Midlane vil verta overført etter at albumet er lansert og kommunen har fått melding om dette.

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er tre veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ruben Risnes